

Førde, 11.03.2015

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknadar om løyve til bygging av Torvik kraftverk og Ervikselva kraftverk i Førde kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 19.11.2014 og til konsesjonssøknadane med vedlegg som vi har lasta ned via nettet. Ettersom dei to søknadane gjeld utbygging av den same elva, og med delvis overlappande elvestrekning, skriv vi ei felles fråsegn for begge. I fråsegna vil vi til dels samanlikne dei to søknadane med kvarandre, og vi omtalar dei då som **Torvik** og **Ervik**. Fråsegna vår er mellom anna basert på søknaden, info henta via nettet og samtaler med lokalkjende.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Torvik kraftverk og Ervikselva kraftverk ligg begge i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

Om friluftsliv i området:

Store delar av nedslagsfeltet til dei to utbyggingane er dels lokalt, dels regionalt viktige friluftsområde. Dette går fram av www.fylkesatlas.no. Områda er til dels mykje brukte både lokalt og regionalt. Men utbyggingane er ikkje i nemneverdig konflikt med desse friluftsområda.

For sjølve utbyggingsområda er det, som det også går fram av søknadane, liten konflikt med friluftsinteressene. Tilleggskommentrarar:

For **Torvik** er det ein viss visuell konflikt med friluftsliv på sjøen, fordi fossen ned mot fjorden vil få redusert vassføring.

For **Ervik** er det ein viss konflikt med fiske i Øygardsvatnet inklusive inn- og utløpselvar. Særleg gjeld dette for alternativet med regulering av vatnet. Sjølv om fisken i vatnet er liten, kan slike fiske likevel vere svært attraktivt for born. Særleg viss fisken er lett å få. Dessverre har vi ikkje kjennskap til i kva grad born brukar Øygardsvatnet for fiske.

På kartet er det merka av ein sti frå utløpet av Øygardsvatnet og vestover til Muladalen. Vi har ikkje kjennskap til kor mykje denne stien vert brukt, og av kven.

Totalt sett reknar vi konfliktnivået med friluftsliv som nokså lågt for begge utbyggingane, og det alleine gir oss ikkje godt nok grunnlag til å gå mot nokon av utbyggingane. Begge er akseptable.

Kommentrarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Når ein tek omsyn til ulik feltstorleik, er det ganske godt samsvar mellom tilsig-data for dei to utbyggingane. **Torvik** har litt lågare 5-persentil sommar enn **Ervik**, trass i at nedslagsfeltet er litt større for **Torvik**. Men avviket er ikkje særlig stort, så vi ser absolutt ikkje dette som ”urovekkande”. 50%-avviket mellom dei to utrekna restvassføringane mellom inntaket og kraftstasjonen ser meir usannsynleg ut, her er det dårleg samsvar. Vi går ut frå at NVE vurderer tala.



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

Torvik: Slukevneintervallet i kraftstasjonen er mellom maksimum 188,2% og minimum 18,8%, noko som er ei nokså normal vassutnytting i dag. Minstevassføringa er lik 5-persentilane. Produksjonsfordelinga mellom sommar og vinter ser ”normal” ut med litt høgre produksjon om sommaren enn om vinteren.

Ervik: Slukevneintervallet i kraftstasjonen er for Alt. 1 mellom maksimum 217,6% og minimum 41,2%, og for Alt 2 mellom maksimum 229,4% og minimum 23,5%. Dette er ein del høgre vassutnytting enn for Torvik, og litt over det normale for småkraftverk. Minstevassføringa: I teksten lenger bak i søknaden er det opplyst at den skal vere lik 5-persentilane. Men i punkt 2.1 er minstevassføring sommar 10 l/s lågare enn 5-persentil sommar, så det som står i teksten, stemmer ikkje heilt. Produksjonsfordelinga mellom sommar og vinter er slik at vinterproduksjonen er klårt høgst. (Gjennomsnittleg månadsproduksjon er om lag lik heile året.) I ein slik vinter som den vi har hatt i 2015, verkar dette sannsynleg, men kanskje ikkje i ein ”gjennomsnittleg” vinter? Viss det er viktig, går vi ut frå at NVE vurderer kven av utbyggjarane som har ”mest rett” når det gjeld produksjonsfordelinga.

2.2 Teknisk plan for utbyggingane: Dei tekniske planane for dei to utbyggingane er ganske ulike både øvst og nedst på utbyggingsstrekninga. Kvar av dei har sine klåre fordelar og ulemper.

Torvik: Her er utløpet frå kraftstasjonen planlagt på kote 0. Dette betyr at den fine og godt synlege fossen ned mot fjorden, vil få sterkt redusert vassføring slik at den misser mykje av sin verdi som landskapselement. For til ei viss grad å bøte på dette, ønskjer utbyggaren å installere ei pumpe som pumpar 100 l/s opp til kote 10, og slepper vatnet ut att der. Dette er ei kreativ løysing som vil heve vassføringa i fossen til ca. 250 l/s når det ikkje er flaum med overløp, og vi ser dei fordelane denne løysinga har for driftsøkonomien i prosjektet. Men ca. 250 l/s er likevel svært lite samanlikna med middelvassføringa som inklusive restvassføringa er ca. 1.900 l/s. Fossen vil, bortsett frå ved flaum, berre bli ”ein bleik skugge” av seg sjølv. **Av omsyn til landskap m.m. er det vårt klåre syn at fossen mot fjorden bør ha si naturlege vassføring også etter ei eventuell utbygging! Vi ber utbyggaren om å konsesjonssøke eit slikt alternativ. Så får NVE vurdere kva som er best.**

Ervik: Her er utløpet frå kraftstasjonen planlagt på kote 20, slik at heile fossen ned mot fjorden kan oppretthalde den naturlege vassføringa også etter ei eventuell utbygging. **På dette punktet er Ervik-utbygginga klårt betre enn Torvik-utbygginga!** I den andre enden av utbyggingsstrekninga er derimot **særleg Alternativ 1 (hovudalternativet) av Ervik-utbygginga klårt mykje dårlegare enn Torvik-alternativet.** Ei regulering av Øygardsvatnet 90 cm opp og 10 cm ned vil bli svært skjemmande. Ein auke av arealet ved neddemming av ca. 5.000 m², er mykje i eit så pass lite vatn som Øygardsvatnet. Av Figur 9 på side 14 i konsesjonssøknaden ser vi at mellom anna ein del dyrka mark på austsida av vatnet vil gå med. På vestsida ser vi at det vil bli særleg ille i den sørlegaste av dei to buktene i vatnet. Men heile strandlinja rundt vatnet vil få ei smal eller brei ”sørgjerand” som følgje av reguleringa. Som det går klårt fram av Figur 9, vil denne ”sørgjeranda” bli svært godt synleg frå den ganske mykje trafikkerte fylkesvegen som går langs store delar av vatnet. Dette blir negativt! **Av omsyn til landskap, fisk m.m. er det vårt klåre syn at Alternativ 1 er så negativt at det ikkje er akseptabelt. Det bør ikkje få konsesjon! Viss NVE vurderer å gje konsesjon til Ervik, ber vi om at Alternativ 2, utan regulering av Øygardsvatnet, vert valt.**

2.2.3 Reguleringsmagasin: For **Torvik** er dette uaktuelt. For **Ervik** er vi som alt nemnt, sterkt mot etablering av reguleringsmagasin. Ei regulering på 10 cm opp og 10 cm ned kunne sikkert gå utan særleg store ulemper, men ei oppdemming på 90 cm er i dette konkrete tilfellet – i Øygardsvatnet – ikkje akseptabelt. Det er så flatt langs delar av vatnet at dei negative konsekvensane vert for store!

2.2.4 Inntak: Inntaka for dei to prosjekta er ulike, men godt tilpassa kvar sine prosjekt – håpar vi.



Torvik: Det planlagde Coandainntaket ser for oss ut til å vere den beste typen inntak for denne konkrete inntaksstaden. Vi har ingen merknadar.

Ervik: Her er vi meir usikre på korleis inntaket vil bli, og kor godt synleg det blir. Kanskje blir det bra, kanskje blir det ikkje det. Men det er heilt klårt at inntaket vil bli mindre synleg viss utbyggingsalternativ 2 vert brukt. Vi vil gjerne sjå nærare på inntaket under NVE si sluttsynfaring.

2.2.5 Vassveg: For begge prosjekta er det planlagt boretunnelar på "dei verste" strekningane, og det er positivt! På dei strekningane der røygata skal gravast ned, vil den – ved "pent utført arbeid" – etter nokså kort tid bli lite synleg på strekningar med dyrka jord eller beite. På strekningar med skog (gjeld vel berre Ervik,) vil traseen bli meir synleg, og revegeteringa vil ta mykje lengre tid. Dette er også noko vi gjerne vil sjå nærare på under sluttynfaringa.

2.2.6 Kraftstasjonen: Den store skilnaden på prosjekta er plasseringa av kraftstasjonane.

Torvik: Plasseringa av stasjonen heilt nede ved fjorden med utslepp av avløpsvatnet direkte i fjorden via ei ny kunstig "elv", og med "tilhøyrande" sterkt redusert vassføring i fossen, er som vi alt har nemnt, etter vårt syn svært uheldig. Den planlagde arkitekturen på bygningen ser veldig bra ut. Vi ser også med glede på at det vil bli lagt stor vekt på støydemping. Men dette er ikkje nok til å "vege opp for" den uheldige plasseringa av stasjonen.

Ervik: Plasseringa av kraftstasjonen på kote 20, og med utslepp av avløpsvatnet direkte i elva oppstrøms fossen, er – ut frå miljøomsyn - mykje betre enn for Torvik-utbygginga, det er det ingen tvil om. Men også for Ervik-alternativet er det viktig med god støydemping!

2.2.7 Køyremønster og drift av kraftverket:

Torvik: I dette punktet står det at minimum slukevne er 200 l/s. I punkt 2.1 står det 350 l/s. Vi går ut frå at utbyggaren klargjer overfor NVE kva som er det rette talet.

Ervik: For utbyggingsalternativ 1 vert det lagt opp til eit køyremønster som vel gjerne vert kalla "skvalpekøyring", og der særleg nedtappinga av det vesle magasinet vil skje raskt. På flate parti i reguleringssona, og truleg særleg i den sørlegaste av dei to buktene mot vest, (bedømt ut frå Figur 9 på side 14 i konsesjonssøknaden,) er det ein betydeleg sjanse for at fisk, særleg småfisk som gjerne trekker inn på grunna for vern og næringssøk, kan strande/bli fanga i småpyttar og stryke med. Kanskje blir det ikkje så mange fiskar for kvar opp- og nedtapping, men dette vil jo skje gong på gong på gong! Summen kan bli stor. Eit anna negativt resultat av ei eventuell regulering, er usikker is om vinteren. Så tett på der barnefamiliar bur, kan det i verste fall verte farleg. Utbyggingsalternativ 2 vil vere betre både for fisk og for ferdslle på isen om vinteren.

2.2.8 Vegbygging: For begge prosjekta er det gledeleg at anleggsvegane langs røygatetrasseane skal fjernast etter utbygginga. Bedømt ut frå konsesjonssøknadane ser den einaste nye permanente vegen ut til å bli 150 m fram til kraftstasjonen for **Ervik**. Vi ser ikkje vegbygging som noko vesentleg "problem" for nokon av prosjekta.

2.2.9 Massetak og deponi: Det ser ikkje ut til at dette vert "eit problem" for nokon av utbyggingane.

2.2.10 Nettilknyting: Jordkabel fram til eksisterande linje er bra for begge prosjekta!

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.1 Hydrologi: For **Ervik** bør minstevassføringa om sommaren settast til 5-persentil sommar.



3.5 Raudlisteartar og 3.6 Terristrisk miljø: Vi har ikkje gått grundig inn på desse fagområda, men merkar oss at det er raudlisteartar, ei fossesprøytsone og ei bekkekloft i området. Vi går ut frå at både andre høyningsinstansar og NVE vurderer naturverdiane og konfliktnivået.

3.7 Akvatisk miljø:

Torvik: Vi har ikkje spesielle merknader til det som står i konsesjonssøknaden.

Ervik: Som vi har skrive tidlegare i fråsegna, reknar vi det som sannsynleg at Utbyggingsalternativ 1 med regulering av Øygardsvatnet og ”skvalpekøyring” av kraftstasjonen vil føre til at særlig småfisk vil kunne strande/bli ”fanga” på grunn av den raske nedtappinga av magasinet. Denne problemstillinga kan vi ikkje sjå er omtala i konsesjonssøknaden.

Vi viser elles til det som står i konsesjonssøknaden om redusert resipientkapasitet. Minstevassføringa er om sommaren berre 5,9% av middelvassføringa og om vinteren berre 4,7%. Det er landbruksareal som skrånar ned mot elva på ein betydeleg del av strekninga mellom inntaket i Øygardsvatnet og det planlagde inntaket for Torvik kraftverk. Redusert resipientkapasitet vil heilt klårt vere ei aktuell problemstilling for Ervik. Hos oss har vi ikkje god nok kompetanse til å vurdere kor stort problemet er, men vi går ut frå at NVE enten har slik kompetanse, eller skaffar seg tilgang til det, slik at problemet med vasskvaliteten kan bli vurdert på ein skikkeleg måte.

3.9/3.8-3.9 Landskap og INON:

Torvik: Det klårt mest negative for landskap vil vere den sterkt reduserte vassføringa i fossen ned mot fjorden.

Ervik: Her vil det klårt mest negative vere reguleringa av Øygardsvatnet i utbyggingsalternativ 1. Dessutan vil den reduserte vassføringa i elva vere negativ, spesielt forbi Fengestad.

3.14 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna.

4 Avbøtande tiltak:

Vi viser til det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna, mellom anna om minstevassføring lik 5-persentil sommar for **Ervik**.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Konfliktane med friluftsliv er ikkje så store for nokon av dei 2 utbyggingane at det gir oss gode nok grunnar til å gå mot utbygging. For **Torvik** er den sterkt reduserte vassføringa i fossen ned mot sjøen negativ. Kraftstasjonen bør flyttast høgre opp slik at avløpsvatnet kan sleppast ut i elva ovanfor fossen. For **Ervik** går vi mot utbyggingsalternativ 1 med regulering av Øygardsvatnet og ”skvalpekøyring”. Begge utbyggingane har positive og negative sider på miljøsida, men ettersom konfliktane med friluftslivet er så pass små for begge, vil vi ikkje kome med ei rangering av utbyggingane. Dette vil vi overlate til NVE sine fagfolk.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet
Alvar Melvær (sign.)



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde
E-post: sogturla@online.no
Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde
Heimeside: www.turistforeningen.no/sognogfjordane
Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14